

Padling rundt Føyno




Perla midt i Sunnhordlandsbassenget

Føyno og Nautøy ligg nær dei trafikkerte vegane mellom Stord, Bømlo og Sveiolandet. Likevel er dette eit roleg, fredeleg område for ein padletur.

På turen rundt Rutsøy og Føyno opplever du variert natur, med lune vikar, skogkredde høgdedrag og dyrka mark. Du finn og sandstrender, svaberg og grassletter der du kan gå i land for ein rast.

Otterøy har eit gammalt kulturlandskap med naturbeite og lynghei nytta til sauebeite. Sørvest på øya er det eit naturreservat for sjøfugl. Otterøyvika er ei lun hamn for å gå i land, med sjarmerande naustmiljø, svaberg og flott utsyn til store deler av Sunnhordland.

Du finn meir informasjon på www.padling.no/XX



Padlevettregler

- Bruk padlevest
- Vel kajakk og utstyr som passar deg
- Sjekk værmelding
- Ver bevisst eigen dugleik
- Kle deg etter vasstemperaturen
- Sei ifrå kor du padlar
- Ver synleg
- Hugs vikeplikt og avstand til andre båtar
- Øv på redningsteknikkar
- Ver miljøbevisst – hugs sporlaus ferdsel

Kompetanse.

Løypene er gradert ut frå at padlararen har kompetanse tilsvarande

Norsk Padleforbund sitt

 [Grunnkurs Hav](#)

 [Teknikkurs Hav](#)



GjensidigeStiftelsen



TURSKILTprosjektet
DET SKAL MERKES I HELE LANDET